

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/1670-2

## **Stortingsmelding 8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida. Innspel til Familie- og kulturkomitèen i Stortinget.**

### **Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til formuleringane for dei nasjonale kulturpolitiske måla som er skissert i Meld.St.8 (2018-2019) *Kulturens Kraft. Kulturpolitikk for framtida.*
2. Slik Sogn og Fjordane fylkeskommune les kulturmeldinga, vert det frå Regjeringa si side i svært liten grad lagt opp til overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane på kulturfeltet gjennom denne meldinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber difor om at Stortinget sin Familie- og kulturkomitè, i si handsaming av meldinga, følgjer opp «Hagen-utvalet» sine forslag om overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune utfordrar komitèen til å vere dristige og nytenkjande, og til å sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, og å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.
4. Prinsippet om at budsjettmidlane følgjer ansvar og oppgåver må ligge til grunn for oppgaveoverføringa.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Samarbeidet må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken.

### **Vedlegg:**

1. Innspel frå fylkesordføraren til Familie- og kulturkomiteen i samband med høyring om kulturmeldinga 18.02.2019
2. Innspel frå KS til Familie- og kulturkomiteen i samband med høyring om kulturmeldinga 18.02.2019.
3. Brev av 01.03.2019 frå KS/fylkesordførarkollegiet til Familie- og kulturkomitèen.

### **Andre relevante dokument i saka:**

1. Meld.St.8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida.
2. Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene (2018). Rapport utarbeidd av ekspertgruppe oppnemnt av Regjeringa («Hagen-utvalet»).
3. Kommunesektorens rolle i nasjonal kulturpolitikk. Nye oppgaver og ansvar for fylkeskommunene (2018). Rapport utarbeidd av Oxford Research på oppdrag frå KS.

## **1. Bakgrunn for saka**

Meld.St.8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida vart lagt fram 23.november 2018. Kulturmeldinga er no til handsaming i familie- og kulturkomiteen i Stortinget. Komiteen inviterte til høyring måndag 18.februar. Fylkesordføraren ba om tid for å gje innspel, men fekk ikkje tid. Vedlegg 1) i saka er hennar skriftlege innspel til komiteen. KS fekk plass i høyringa, og vedlegg 2) er KS sitt skriftlege innspel. I brev av 1.mars 2019 har KS-leiar og leiar for fylkesordførarkollegiet etterlyst komiteen si interesse for å drøfte meldinga direkte med fylkeskommunane.

Det er varsla at komiteen skal gje innstilling 7.mai med påfølgjande handsaming i Stortinget 14.mai. Denne saka/uttalen vert difor fylkeskommunen sitt innspel til komiteen, og byggjer opp om fylkesordføraren sitt skriftlege innspel.

Meldinga som kom i november var forventa å trekkje opp linjene for ein nasjonal kulturpolitikk, og komme med forslag til kva oppgåver som skulle overførast til fylkeskommunane; jf regionreforma og overføring av oppgåver frå staten til folkevalde organ på kommune- og fylkeskommunenivå.

«Hagen»-utvalet har i sin rapport *Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene* frå februar 2018 lagt til grunn følgjande overordna prinsipp for oppgave- og ansvarsdeling mellom staten og andre forvaltningsnivå:

Utvalget har vidareutviklet Oppgavefordelingsutvalgets retningslinjer for fordelingen av oppgaver mellom forvaltningsnivåene,<sup>1</sup> og vurdert oppgaver og ansvar etter følgende fem retningslinjer:

- 1 Oppgaver bør legges så nært innbyggerne som mulig, men på et så høyt nivå som nødvendig for å sikre en kostnadseffektiv oppgaveløsning
- 2 Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for en oppgave, skal også ha fagmiljøet tilknyttet oppgaven og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgaveløsningen
- 3 Oppgaver som krever utøvelse av politisk skjønn og vurdering bør legges til folkevalgte organer
- 4 Oppgaver som krever stor grad av samordning, og/eller oppgaver som har store kontaktflater med hverandre, bør legges til samme forvaltningsorgan
- 5 Oppgaver som av ulike årsaker ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske forhold, bør være et statlig ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgaver som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep for god oppgaveløsning

Fylkestinget handsama «Hagen»-utvalet og ga høyringssvar til rapporten i FT-sak 1/18. Her føresette fylkestinget ei samla vurdering av utvalet sin rapport i stortinget. Regjeringa har i si oppfølging av utvalet sin rapport vist til at oppgåver på kulturfeltet som skulle overførast til fylkeskommunane skulle komme som del av arbeidet med kulturmeldinga. Seinast i avtale mellom dåverande regjering og KrF av 24.09.18 om nye oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane står det:

*«Hagen-utvalgets forslag vurderes i den kommende kulturmeldingen»*

Dei forslaga Hagen-utvalet kom med i si tid, kan kort oppsummerast slik:

- «1. Prosjektmidlar og driftsstøtte til institusjonar og arrangement av lokal eller regional karakter som ligg til Kulturrådet.
2. Samtlege institusjonar i kap. 323 Musikk og scenekunst, post 60 Landsdelsmusikarane i Nord-Norge, post 71 Region-/landsdelsinstitusjonar og post 73 Region- og distriktsopera, alle under Kulturdepartementet.
3. Fleirtalet av musea over kap. 328 Museum og visuell kunst, post 70 Det nasjonale museumsnettverket og fleirtalet av tilskota over post 78.
4. Investeringsmidlar tilhøyrande ovannemnde institusjonar innan musikk, scenekunst og museum, alt under Kulturdepartementet.
5. Forvaltning av spelemidlar til kulturbygg, den kulturelle skulesekken, Musikkutstyrsordninga, Ordninga for kjøp av musikkinstrument, Aktivitetsmidlar kor, Krafttak for song og Ordninga for historiske spel, alt under Kulturdepartementet.
6. Forvaltning av spelemidlar til bibliotek, arkiv- og museumsfeltet under Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Kulturrådet. Spelemidlane til idrettsanlegg i kommunane bør gå direkte til fylkeskommunane utan behandling i Kulturdepartementet.»

## **2. Kva seier regjeringa gjennom kulturmeldinga?**

Kulturmeldinga formulerer følgjande

«Nasjonale kulturpolitiske mål

### *Samfunns mål*

*Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda.*

### *Overordna kulturpolitiske mål*

Eit fritt og uavhengig kulturliv som

- *skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet*
- *fremjar danning og kritisk refleksjon*
- *tek vare på og formidlar kulturarv*
- *skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga*
- *er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar*
- *tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap*
- *fornyar seg og viser evne til omstilling*
- *har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing*
- *styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar»*

Meldinga drøftar og følgjer opp med forslag til tiltak på innsatsområde som:

- Kunstpolitikk
- Digitale moglegheiter
- Økonomi i kultursektoren
- Internasjonale moglegheiter
- Relevans og representativitet i kulturlivet
- Danning og demokratibyggning
- Ein kunnskapsbasert kulturpolitikk
- Organisering og ansvarsdeling

### *Prioriteringar og oppfølging av innsatsområde i kulturmeldinga:*

Meldinga gjer greie for prioriteringar og vidare oppfølging på det enkelte innsatsområde. Under innsatsområdet *organisering og ansvarsdeling* legg Regjeringa opp til sterk statleg styring av sentrale verkemiddel på kulturområdet gjennom å føre vidare prinsippet om delt finansiering på musikk-, scenekunst- og museumsfeltet, og styrking av Norsk Kulturråd si rolle på områder «...der vedtak vert gjorde på grunnlag av kunst- og kulturfagleg skjønn ut frå ein brei søknadsmesse frå heile landet».

Ut over dette signaliserer meldinga at dei vil overføre tilskotsmidlar til tiltak og arrangement som har sterk lokal og regional forankring.

Vidare vert det peika på følgjande verkemiddel der regjeringa vil følgje opp;

- Initiere systematisert dialog mellom kulturdepartementet og fylkeskommunane
- Bruke konsultasjonsordninga mellom kommunesektoren (KS) og regjeringa
- Gjennomgå kulturlova for å sikre kulturområdet som del av kommunal og regional planlegging, styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivåa, og sikre armlengdsprinsippet.
- Vurdere å tydeleggjere nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging i tråd med nasjonale kulturpolitiske mål, jf PBI § 6-1.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### *Nasjonale mål:*

Det er positivt at meldinga så tydeleg har eit nasjonalt perspektiv, og den nasjonale kulturpolitikken er eit resultat av kommunal, fylkeskommunal og statleg politikk. Dei nasjonale måla som er skisserte, er det lett å slutte seg til, også fordi dette er formuleringar og intensjonar som vi lett finn att i ulike variantar i vår eigen Kultur for alle – Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 som vart vedteken i fylkestinget i oktober 2018.

#### *Oppfølging av innsatsområde i kulturmeldinga:*

Når det gjeld skisserte forslag til prioriteringar og vidare oppfølging innan dei ulike innsatsområda, finn vi ei blanding av tiltak der det er naturleg med ei statleg oppfølging; t.d. vidare meldings- og strategiarbeid, lovsaker, rettighetsavklaringar, oppfølging og finansiering av landsdekkande organisasjonar, m.m. På andre sida finn vi også tiltak der er naturleg at fylkeskommunane får ansvar for oppfølging/iverksetjing, fordi dette er oppgåver fylkeskommunane alt i dag arbeider med, og der ny ansvars- og oppgåvedeling vil forenkle (og effektivisere) både planlegging, søknadsprosessar og forvaltning av verkemiddel; t.d. utvikle verkemiddel som stimulerer samspel mellom profesjonelle kunstnarar og det frivillige kulturlivet, støtte opp om miljø som eksperimenterer og tek i bruk ny teknologi i kunsten sin, stimulere økonomisk verdiskaping i kultursektoren, arbeide for at alle barn og unge får delta på kulturaktivitetar, stimulere integrering innan kultursektoren, m.m.

Foreslegne prioriteringar og vidare oppfølgingar gir også retning for vidare utvikling av den nasjonale kulturpolitikken. Fylkesrådmannen vil i den samanheng m.a. vise til den varsla språkmeldinga, og språklov, men også andre meldingar som er varsla. I dette meldingsarbeidet, er det slik KS peikar på i sin uttale, viktig Regjeringa evnar å trekkje opp ein nasjonal politikk.

Vidare vil fylkesrådmannen i høve vidare arbeid også trekkje fram punktet som handlar om å vurdere innretninga og fordelinga av spelemidlar til kulturbygg innan ramma av tippenøkkelen. Det er avgjerande viktig for utviklinga av det lokale og regionale kulturlivet at avsetjinga til denne typen møteplassar vert auka oppatt, slik både vår fylkeskommune, og fylkeskommunane samla har peika på over lengre tid.

Det er likevel eit hovudinstrykk av meldinga at Regjeringa held att på ansvar og oppgåver. Det er difor viktig å utfordre Stortinget til å vere meir aktive i å legge ansvar og oppgåver over på fylkeskommunane, som gjennom regionreforma har hatt store forventningar til nye oppgåver, også innan kulturfeltet. Ved at fylkeskommunane får ei ny rolle i kulturpolitikken gjennom overføring av ansvar og oppgåver, får vi også ein meir mangfaldig, variert og slagkraftig kulturpolitikk.

#### *«Hagen»-utvalet opp mot kulturmeldinga:*

Gjennom «Hagen-utvalet» sin rapport vert det foreslått relativt radikale grep sett opp mot dagens ordning når det gjeld flytting av ansvar og oppgåver frå staten til fylkeskommunane på kulturfeltet. Forslaga er godt forankra i dei overordna retningslinene utvalet har lagt til grunn. På andre sida, i ei meir inngående drøfting av enkeltforslaga, kan det vere at der er enkelte omgrep og forslag som kan diskuteras, t.d. bruken av omgrepet «hovudstadsfunksjon», noko som lett kan innsnevre oppfatninga til at plasseringa av institusjonar med eit klart nasjonalt mandat må ligge i hovudstaden. Slik er det ikkje i dag, og det er ønskeleg at institusjonar med eit nasjonalt mandat vert lagt rundt om i heile landet. Eit døme på dette kan t.d. vere Nynorsk Kultursentrum som er plassert i Ørsta, har eit nasjonalt kultur- og språkpolitisk oppdrag, og er 100% statleg finansiert. Ei innvending i høve omgrepsbruken her skuggar likevel ikkje for hovudgrepet som er å synleggjere ansvar og oppgåver som kan leggest til regionalt folkevalt nivå.

#### *Nærare om innsatsområdet «Organisering og ansvarsdeling»:*

Det er positivt at staten vil initiere systematisert dialog mellom kulturdepartementet og fylkeskommunane. Dette har vore fråverande i lang tid. Også det å bruke konsultasjonsordninga mellom kommunesektoren (KS) og regjeringa også på kulturfeltet er å sjå på som oppfølging av praksis som er etablert.

Å gå gjennom kulturlova og tydeleggjere nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging i tråd med nasjonale kulturpolitiske mål gjennom plan- og bygningslova er å sjå på som positive tiltak, men fylkesrådmannen kan ikkje sjå kva nye oppgåver dette i seg sjølv skal gi fylkeskommunane. Dei fleste fylkeskommunane utarbeider i dag, i tett samarbeid med kommunar, organisasjonar og institusjonar (den regionale partnerskapen), regionale planer etter plan- og bygningslova også på kulturfeltet. Den største utfordringa her er at staten sjølv ikkje held seg til regional planlegging på ein aktiv måte. Overføring av ansvar og oppgåver kan både gjere søknadsprosessar for kulturaktørane ute enklare, styrkje regionalt samarbeid, og den regionale planlegginga som instrument. Regional planlegging som fylkeskommunane står i spissen for, har m.a. nasjonale mål som ramme for sitt arbeid. Gjennom desse prosessane sikrar vi demokratisk kontroll over målformuleringar og prioriteringar på feltet.

Kulturmeldinga legg som sagt i liten grad opp til å klargjere overføring av oppgåver til fylkeskommunane. I den grad meldinga klargjer noko, går mykje i retning av framleis sterk statleg styring av sektoren/verkemidlane. Dette harmonerer dårleg med dei overordna målsetjingane med regionreforma som skulle gi større og sterkare folkevalde organ som skulle får fleire oppgåver, også på kulturfeltet. Det harmonerer heller ikkje med fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar, eller med målsetjingane i kulturmeldinga om maktspreiing, styrka relevans av kulturpolitikken for

innbyggjarane og kulturen si kraft for å sikre demokratiutvikling framover. Slik sett ser det ut til at vi går inn i nye regionale strukturar utan ei einaste ny oppgåve på kulturfeltet (om vi ser bort frå friluftsliv og kulturminnefeltet). Det ligg eit stort ansvar på Stortinget til å sikre oppgaveoverføring framover, m.a. i tett kontakt med fylkeskommunane.

Fylkeskommunane kan også skilte med høg fagkompetanse innan kulturfeltet, jf rapporten *Kommunesektorens rolle i nasjonal kulturpolitikk. Nye oppgaver og ansvar for fylkeskommunene* (2018), utarbeidd av Oxford Research på oppdrag frå KS. Rammene for at fylkeskommunane kan gjere ein god jobb også med nye oppgaver på kulturfeltet er tilstades.

Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettmidlane følgjer oppgåvene, og at det med overføring av ansvar og oppgaver ver lagt til rette for at dei naudsynte økonomiske midlane følgjer med over til fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei forslag Regjeringa kjem med i kulturmeldinga tek inn over seg «Hagen-utvalet» sine forslag. Heller ikkje avtalepunktet mellom dåverande regjering og KrF av 24.09.18 om nye oppgaver på kulturfeltet til fylkeskommunane vert følgt godt nok opp i denne meldinga.

Det er no opp til Stortinget å ta stilling til Regjeringa si tilnærming til nye oppgaver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Fylkeskommunane er samstemte om at ei anna ansvars- og oppgavedeling enn i dag vil vere positivt for vidare utvikling av den nasjonale kulturpolitikken.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til drøftinga over, og rår til vedtak i tråd med forslag.